



Anders Valle  
Hopdalsveien 31  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1085 - 16/9824

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
12.04.2016

## Søknad om løyve til oppføring av løe vert avvist - gbnr 194/5 Mundal nedre

Saka gjeldt søknad om riving av eksisterande løe og oppføring av ny motteken 05.04.16.

Etter ein gjennomgang av innsendte søknad og dokumentasjon i saka, har kommunen funne at søknaden ikkje er tilstrekkeleg dokumentert jf. byggesaksforskriften §5-4.

Det følger av byggesaksforskriften kva opplysningar som skal vedleggast søknaden. Vilkåret for å kunne avvise ein søknad er at det må gå fram som klart at tiltakshavar ikkje har sendt inn den dokumentasjonen som søknaden krev.

Ved gjennomgang av søknaden er det avdekka følgande manglar:

1. Situasjonsplanen oppfyller ikkje krava jf. Sak. §5-4.
2. Det ligg ikkje føre teikningar av tiltaket.
3. Det er ikkje søkt om dispensasjon. Det må søkast om dispensasjon frå LNF-formål sidan eigeodomen i dag ikkje er nytta til tiltak innanfor LNF-bestemmelsen.

På bakgrunn av dette meiner kommunen at det ikkje ligg føre tilstrekkelege opplysningar i det innsendte materialet for å ta søknaden til handsaming.

### **VEDTAK:**

Søknad om riving av eksisterande løe og oppføring av ny motteke 05.04.16 vert avvist med heimel i pbl § 21-2, jf. byggesaksforskriften § 5-4.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal



grunngevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Anders Valle

Hopdalsveien 31 5915

HJELMÅS